



**Valle Idrottslag**

[www.valle-il.no](http://www.valle-il.no) | [post@valle-il.no](mailto:post@valle-il.no)

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

## **Referat frå styremøte i Valle IL 12. februar 2018**

### **Desse møtte:**

Anne Liv Lidtveit (leiar)

Lise Fosså (skrivar)

Vilde Homme

Elisabeth Spockeli

Bjørgulv Sverdrup Lund

Cecilie Haugen

Gunnar Brottveit

Tarald Myrum (vara)

### **1/18 Årsmøte 2018**

Årsmøtet finn stad torsdag 15. mars 2018 kl. 18.00 på Sylvgarden.

- **Rekneskap 2017:**  
Gunnar la fram og gjekk gjennom rekneskapet for 2017. Det syner eit solid overskot på kr 289 350,-.

Gunnar kom med fylgjande framlegg til disponering av overskot:

- Kr 150 000,- vert avsett til spinningssyklar i møykjeromet
- Kr 100 000,- vert avsett til klubbhus
- Resterande beløp, kr 39 350,- avsett til annan eigenkapital.

Styret vedtok samrøystes framlegg til disponering av overskot.

Rekneskapet 2017 vart deretter samrøystes vedteken.

- **Årsmelding 2017**  
Anne Liv gjekk gjennom årsmeldinga, og informerte om at Cecilie hadde kome innspel om aktivitet på Hylestad. Også den nystarta idrettsleiken for dei minste vert lagt til under barneidrett.

Med desse tillegga vart årsmeldinga for 2017 samrøystes vedteken.

- **Budsjett 2018:**  
Anne Liv gjekk gjennom framlegg til budsjett 2018.

Framlegg frå Gunnar om å auke leiarhonorar til kr 10 000, og annan kostnad (utgiftsdekning leiar) til kr 10 000,- Dette medfører ei auke i budsjettet på kr 6 000,-.

Framlegget frå Gunnar vart samrøystes vedteken.

Budsjett 2018 vart deretter samrøystes vedteken.

- Medlemskontingent 2019:  
Framlegg frå Anne Liv:

Medlemskontingenten for 2019 føreslått uendra frå 2018. Dette gir fylgjande satsar:

-	Medlemskontingent	200,-
-	Møykjeromet	1000,-
-	Møykjeromet elev/student	500,-

## **2/18 Eventuelt**

Tor Viki, leiar i hovudkomiteen i Sesilåmi var i møtet for å informere om årets Sesilåmi. Det ligg an til betre påmeldingstal enn på mange år, men at året i år er ei investering i framtida. Utbetalingane til klubbane er difor uviss.

-Møtet slutt-

Lise Fosså  
skrivar